

Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6090 Hareid

Dykkar ref: 19/780 21/11363
Vår ref: 2021/65889
Dato: 20.09.2021
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmiddel



UTTALE TIL 2. GONGS HØYRING - OFFENTLEG ETTERSYN - DETALJREGULERING FOR BREKKANE

Mattilsynet mottok 16.08.2021 detaljreguleringsplan for bustadfelt på Brekkane i Hareid kommune, til 2. gongs uttale. Frist til å gi uttale er av avsendar sett til 26.09.2021.

Målet med planen er å utvikle eit heilskapleg, sentrumsnært og attraktivt bustadfelt for frittliggande/konsentrerte småhus og einbustadar, samt etablere ny vegløyning og tilhøyrande infrastruktur.

I samsvar med plan- og bygningslova §12-10 er detaljregulering med namn Brekkane lagt ut til høyring og offentleg ettersyn. Samstundes er forslag til utbyggingsavtale, i medhald av plan- og bygningslova §17-4, lagt ut til offentleg ettersyn.

I samband med 1.gongs høyring og offentleg ettersyn hadde Mattilsynet krav til vass- og avløpsplan for å sikre tilfredsstillande drikkevassforsyning.

I detaljplanen vert det vist til tilgang til drikkevatt vert løyst med tilkopling til eksisterande vassverk i området. Det vil vert vidare stilt krav til detaljert VA – plan i samband med ei utbygging. Dette ivaretas ved rekkefølgebestemmelse.

Vurdering

Løysing for drikkevassforsyning synast å vere tilfredsstillande ut frå mottatt plan.

Konklusjon

Mattilsynet har ingen kommentarer til detaljplanen for Brekkane.

Med helsing

Marianne Løseth Høydalsvik

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*



Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6060 Hareid

Saksbehandlar, innvalstelefon

Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Hareid kommune

Detaljregulering for Brekkane

Andre gongs høyring - offentlig ettersyn

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Detaljreguleringsplan for Brekkane er lagt ut til 2. gong høyring og offentlig ettersyn. Målet med planen er å utvikle eit heilskapleg sentrumsnært og attraktivt bustadfelt for frittliggande/konsentrerte småhus og einebustadar, samt etablere ny vegløyning og tilhøyrande infrastruktur.

Ved første gong offentlig ettersyn, fremja Statsforvaltaren motsegn til planframlegget. Motsegna var grunngeven med manglar ved føresegnene. Dette gjaldt krav til støyskjerming for heile planområdet og krav til rekkefølge når det gjeld klargjering av nærleikeplassane.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Støy

Vi ser at støyskjerming for vestleg del av planområdet skal sikrast gjennom krav til støyskjerm i tilgrensande reguleringsplan. For at dei bueingane som er avhengig av dette får nødvendig skjerming før innflytting, må dette sikrast gjennom rekkefølgekrav i føresegnene. Vi kan ikkje trekke motsegna før dette er endra. Når det gjeld støyskjerm som er regulert inn i denne planen, bør krav til høgde også gå fram av føresegnene, og ikkje berre med tilvising til støyrapporten.

Vi saknar også at føresegna stillar meir utfyllande krav til bustader innanfor gul støysone. Det er ikkje tilstrekkeleg at det krevst at desse bustadane har tilgang til stille side. I tillegg skal det sikrast at minimum 50 % av rom til støyfølsam bruksføremål i kvar buening skal ha vindaug mot stille side.

Minimum eitt soverom skal ligge mot stille side. Der eitt eller fleire rom til støyfølsam bruksføremål kun har vindauge mot støyutsett side, må det stillast krav til balansert mekanisk ventilasjon.

Vidare saknar vi at planen sikrar støyskjerma, privat uteopphaldsareal for alle bueiningane, noko vi også peika på ved første gong offentleg ettersyn. I det minste bør det ligge føre ei utbyggingsskisse som viser korleis ein kan oppnå dette kravet.

Barn og unge

Rekkefølgekrav som sikrar opparbeida og utstyrte nærleikeplassar før det blir gitt bruksløyve til første bueining innanfor det området som soknar til kvar enkelt leikeplass, er no tatt inn i føresegnene. Motsegna på dette punktet kan difor trekkast.

Konklusjon

Vi kan ikkje trekke motsegna før planen sikrar tilstrekkeleg gode støytilhøve på ein meir tilfredstillande måte. Dette gjeld krav til rekkjefølgje og krav til bustader innanfor gul støysone. I tillegg bør det ligge føre ei utbyggingsskisse som viser korleis ein skal oppnå tilstrekkeleg gode private uteopphaldsareal.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef-plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

STATENS VEGVESEN

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Fylkeshuset

Postboks 2500

6404 MOLDE

6404 MOLDE

Detaljregulering for Brekkane (planID 20180002)

Hareid Parkeringssselskap AS (Hapark) har to innspel til detaljregulering for Brekkane.

1)

Første innspel gjeld Hareid kommune sine reguleringsføresegner - punkt 8.4b

8.4 Rekkefølgekrav før byggjetrinn 1 – bruksløyve ved første eining

a) Det skal vere skilta einvegskøyning i «Drammensvegen» frå «Brekkan» til «Nobba».

b) Det skal vere parkering og stans forbode i to perioder i krysset ved «Brekkan»/ «Drammensvegen» til dømes mellom kl. 07.45-08.15 og 13.00-13.30. Hareid kommune vedtek tidspunkta endeleg igjennom eigen skiltplan for området.

Det står ikkje noko om bakgrunnen for dei valte klokkesletta så Hapark legg til grunn at dette heng saman med levering og henting av born på skulen.

Hareid sentrum har sida 2016 vore regulert med parkeringssone, og ved alle vegar inn til sona er det skilta med offentleg trafikkskilt 376.2 (Sone parkering forbudt).

Det vil seie at det er eit generelt forbod mot parkering inne i sona, med unntak av dei områda som er skilta at parkering er tillat. På Brekkane er skilt 376.2 oppført, og likeeins i Teigevegen ovanfor Brekkane.



(bilete frå skilt ved Brekkane 6/8)

Dette betyr at vegstrekningen som er markert med grønt frå planomtalen ligg innanfor sona og er allereie regulert med eit forbod mot parkering.

I følgje Vegtrafikk-lovgivinga/skiltforeskriften er det berre avvikande regulering som skal særskilt skiltast. Dette vil seie at ein skal ikkje bruke skilt 372 (Parkering forbudt) inne i ei sone som er regulert med skilt 376.2 (Sone parkering forbudt)

I planomtalen punkt 8.4 b står det at skal vere både parkering og stans forbode. Dette er misvisande. Kva er det Hareid Kommune ønsker for dette området?

Eit forbod mot parkering er allereie regulert gjennom soneskilta for dette området. Merk at det er i utgangspunktet tillat å stans i områder som er skilta med parkering forbod, til døme ved av- og på stiging.

Om Hareid kommune derimot ønske at det skal vere eit forbod mot all stans så kan ein bruke skilt 370 (Stans forbudt) innanfor ei parkeringssone ved behov. Hareid Parkeringsselskap AS er av den oppfatning at dette ikkje vil vere nødvendig for området på Brekkane, med bakgrunn i punkt 2 under.


2)

Andre innspel gjeld Hareid kommune sine reguleringsføresegner - punkt 8.4a

8.4 Rekkefølgekrev før byggjetrinn 1 – bruksløyve ved første eining

a) Det skal vere skilta einvegskjøring i «Drammensvegen» frå «Brekkanen» til «Nobba».

På kartet er strekninga markert, samt følgande tekst; «Raud linje er einvegskjørt ned mot sentrum»



Det vil seie at Drammensvegen skal vere einvegskjørt frå Brekkane nedover til krysset ved Nobba, der vegen går over til å vere tovegskjørt. Dette betyr at trafikken frå Brekkane kan køyre nedover Drammensvegen og sette av borna ved skulen, slik som det gjerast i dag.

Dei som vil få endra køyremønster er dei som kjem frå sentrum ved Kjøpmannsgata. Desse kan ikkje køyre lenger opp enn til krysset ved Nobba. Det betyr at det er i Drammensvegen ved Nobba krysset ein vil risikere kaos og trafikkarlege situasjonar når mange skal stans for å sette av eller hente borna.

Kvifor ønsker Hareid kommune å regulere området ved Brekkane med stans forbudt når det er området i andre enden av den einvegskjørt gata som vil få utfordrande trafikale situasjonar?

Hapark ber Hareid kommune om ei ny vurdering av kva område som eventuelt skal regulerast med skilt 370 (Stans forbudt). Slik som planomtalen framstår så må det vere nedre del av Drammensvegen og heile Nobba som bør skiltast med stans forbudt innanfor gitte tidsperiodar.

Avslutningsvis så ber Hapark Hareid kommune om å ta til vitande at parkeringsselskapet gjerne vil ta del i vidare planlegging og diskusjon kring ei ny regulering av stans og parkering forbod i denne saka. Det er naturleg at Hareid kommune høyrer med Hapark i alle saker som omhandlar offentleg parkering.

Mvh Steffen Urke

*Trafikkbetjent, Dagleg leiar
Hareid Parkeringsselskap AS*

HAPARK
Hareid parkeringsselskap as



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6060 HAREID

Dato: 03.09.2021
Vår ref: 21/03985-4
Deres ref: 19/780 21/11363

Fråsegn utan merknad til 2. gongs høyring og offentleg ettersyn av reguleringsplan for Brekkane i Hareid kommune

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 16. august 2021.

DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Om saka

Detaljregulering for Brekkane har som formål å utvikle eit bustadfelt med frittliggande og konsentrerte småhus og einebustader med tilhøyrande infrastruktur.

Med bakgrunn i innspela som kom inn ved 1. gongs høyring er det mellom anna gjort endringar i trafikkavviklinga. Grunna endringane i planforslaget sendast den ut på 2. gongs høyring og offentleg ettersyn.

Fråsegn utan merknad frå DMF

DMF ga fråsegn utan merknad til høyring og offentleg ettersyn av planen 29. april 2021. Det har ikkje kome til nye registreringar av mineralske ressursar eller bergrettar i området sidan dette. DMF har dermed ikkje merknadar til 2. gongs høyring av reguleringsplan for Brekkane.



For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleiar

Henning Sigstad
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Henning Sigstad

Mottakarar:

Hareid kommune

Rådhusplassen 5

6060 HAREID

Kopi til:

Fra: Anne Kathrine Løberg
Sendt: 17. juni 2021 14:01
Til: Cecilie Breiteig
Emne: Gjeld detaljregulering for Brekkane

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Eg har ikkje sendt inn nokon serskild kommentar til høyringa.
Men minner likevel om massehandteringsplanen som er omtalt i reguleringsføresegnene pkt. 8.2.
Det er viktig at vi vert koplå på med faguttale til denne planen eller invitert til eventuelle møte.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg
avdelingsleiar
Landbrukskontor for Herøy - Ulstein - Hareid

Sentralbord: +47 70081300
Mobil: +47 90034380



www.heroy.kommune.no



Møre og Romsdal
fylkeskommune

FYLKESKOMMUNEDIREKTØREN

Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6060 Hareid

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
19/780 21/11363	16.08.2021	114161/2021/REGULERINGSPLAN/1517	Synnøve Valle, 71 28 02 39	27.09.2021

Hareid kommune - detaljregulering - reguleringsplan gbnr 41/42 m.fl, Brekkane - fråsegn til andre gongs høyring

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Saka gjeld andre gongs høyring av reguleringsplan for Brekkane. Vi uttalte oss om planen ved første gongs høyring 12.05.21.

MERKNADER TIL PLANFORSLAGET


Samferdsel

Vi kan ikkje sjå at det er gjort store endringane i framlegg til planen. Vi viser til våre merknader ved 1. gongs høyring, og presiserer at merknadene i uttalen framleis står ved lag der planframlegget ikkje er endra/omtalt i tråd med innspela vi fremma ved første gongs ettersyn.

Byggetrinn - motsegn

Vi fremma motsegn til planen inntil det er greidd ut korleis ein skal sikre at trafikken går via sentrum før det er etablert rundkøyring ved Holstadkrysset. Vi vil ikkje tillate meir trafikk i krysset ved Reiten enn det som er i dag.

Skisserte tiltak vil hindre køyrande i byggetrinn 1 å køyre over Brekkane i retning Ulstein, men vil ikkje hindre køyring over krysset ved Reiten når ein kjem frå retning Ulstein og skal til feltet. Vi kan såleis ikkje trekke motsegn vi fremma ved 1. gongs høyring til byggetrinn, da forslaget vil føre til meir trafikk i krysset ved Reiten.



Skissa viser tiltak som hindrar bebuarar i byggesteg 1 å køyre over Brekkane i retning Ulstein, men ikkje andre vegen.

I likskap med Statens vegvesen saknar vi ein overordna analyse/drøfting av forholda rundt Holstadkrysset, og ein omtale av korleis ein kan ivareta trafikktryggleik på ein heilskapleg måte. Behovet for kryssutbetring av Holstadkrysset har vore kjent i lengre tid, og har blitt synleggjort av kommunen sjølv gjennom arbeid med trafikktryggingssplanar. Føresetnadene for kryssutbetring har ikkje endra seg da trafikkmengda berre har auka på fv. 61. Denne trenden vil truleg fortsette.

For at vi skal akseptere utvikling av området før ny rundkøyning er etablert, må det sikrast at det ikkje vil bli meir trafikk i Holstadkrysset enn det som er i dag. Dersom kommunen ikkje kan sikre at det ikkje blir meir trafikk i Holstadkrysset, må risikoreduserande tiltak vurderast (f.eks. venstresvingefelt) i tillegg til retningsregulering av Drammensvegen. Dette må vurderast av fagkyndige, og opparbeiding må sikrast ved rekkjefølgjekrav.

Rundkøyning i Holstadkrysset ligg inne i fylkeskommunen si investeringsprogram på plass 5 på noverande tidspunkt. Vi vil understreke at dette er eit intensjonsprogram og at endringar kan skje. Prioriteringa føreset også ekstern delfinansiering, og fylkeskommunale midlar og tilskottsbeløp er ikkje avklara på noverande tidspunkt. Det er såleis viktig at ein legg opp til ei heilskapleg, trafikkssikker løysing dersom vi skal kunne akseptere vidare utbygging før rundkøyning blir etablert.

Føresegna

Jf. § 4.1.1 d. kan utbygger velje å bygge ut i to byggesteg; med andre ord er det inga føresegn som sikrar at det faktisk blir bygd i to byggetrinn dersom utbygger vel å bygge alt i eitt byggetrinn. Dersom det ikkje blir to byggetrinn, vil rekkjefølgjekrav § 8.3 a. falle vekk. Dette kan vi ikkje akseptere.

Føresegna må vere tydelege og sikre at det blir to byggetrinn, dersom dette er intensjonen i planen. § 4.1.1 d må fjernast i sin heilskap, eller skrivast om.

Alternativt må føresegn § 8.3 a. bli skriva om med krav om opparbeiding ved utbygging av fleire enn 37 bueiningar (tal einingar i byggesteg 1) og knytt til tiltak jf. § 8.4.

Byggegrenser

Det er framleis ikkje opplyst om avstand til fylkesveg i føresegna, og vi kan ikkje sjå at dette er gitt i plankart. Byggegrensa med avstand til veg må talfestast i plankart og fastsettast i føresegnene for å hindre misforståingar seinare.

Støy

Vi kan ikkje sjå at føresegna som omhandlar støy er oppdatert i tråd med våre tidlegare merknad, og vi ber om at dette blir endra.

Rekkjefølgjekrava § 8.1a sikrar ikkje at delane av støyskjermen som ligg utanfor planområdet blir opparbeidd slik formuleringa er no. Det må synast til figur 2 i rapporten «Detaljregulering støy Brekkane» dersom rekkjefølgjekravet skal få verknad utover planområdet.

Støyvoll med grøfter må prosjekterast i tråd med gjeldande vegnormalar, dette bør sikrast med føresegn. Møre og Romsdal fylkeskommune kan kontaktast for å avklare behovet for eventuell gjennomføringsavtale ved byggjesaksnivå.

KONKLUSJON

Vi står fast på motsegnene som vi hadde til planen ved første gongs ettersyn, jamfør vurderingane over:

- For at vi skal akseptere utvikling av området før ny rundkøyring er etablert, må det sikrast at det ikkje vil bli meir trafikk i Holstadkrysset enn det som er i dag. Vi kan ikkje trekke vår motsegn før føresegna knytt til dei forskjellige byggetrinna er tydelege.
- Vi kan ikkje trekke vår motsegn til det interne gangvegssystemet før gangsystemet leier mjuke trafikantar til eit trygt kryssingspunkt, som undergangen i aust.

Vi kan ikkje sjå at føresegna som omhandlar støy er oppdatert i tråd med våre tidlegare merknad, og vi ber om at dette blir endra.

Med helsing

Ottar Brage Guttelvik
fylkeskommunedirektør

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli sendt i papir

Fagsaksbehandlar

Samferdsel: Avdelingsingeniør Ingrid Renate Gjørvad, tlf. 71 28 00 44

Kopi:
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Statens vegvesen

Fra: Tone Sundklakk <Tone.Sundklakk@Morenett.no>
Sendt: torsdag 16. september 2021 08:13
Til: Postmottak Hareid
Emne: Innspel til 2. gongs høyring / Offentleg ettersyn - Detaljregulering for Brekkane

Innspel til 2. gongs høyring / Offentleg ettersyn - Detaljregulering for Brekkane – planid 20180002

Dykkar ref.: 19/780 21/11363

Dykkar dato: 16.08.2021

Vi viser til 2. gongs høyring/offentleg ettersyn for detaljregulering for Brekkane i Hareid kommune og Mørenett sitt tidlegare innspel 21. april 2021.

Mørenett bad da om at reguleringsplanen må ta omsyn til ein ny nettstasjon i området for straumforsyning til dei nye bustadene.

Sjå vedlagt kart frå e-post 21.04.2021 for forslag til plassering.

Eg kan ikkje sjå at areal til nettstasjon er ikkje tatt med i plankartet, men det ligg omtala i reguleringsføresegnene 4.1.1 c.

Arealbehovet for ein nettstasjon vil vere om lag 4mx5m (då er sjølve bygget 2,5mx3,5 m).

Plasseringa av nettstasjonen må vere slik at det er mogleg å komme til med ein lastebil, og avstanden frå nettstasjon til andre bygningar – brennbar overflate må vere ≥ 5 meter

Utbyggjar må ta kontakt med Mørenett i god tid før byggestart slik at vi får planlagt straumforsyninga til området.

Vennlig hilsen



Tone Sundklakk
Sivilingeniør Nettutvikling
Mørenett AS

+47 70 04 61 54

+47 41 46 33 95

tone.sundklakk@morenett.no

Hareid kommune
Postmottak
6060 HAREID

Vår dato: 23.09.2021
Vår ref.: 201900675-8
Arkiv: 323
Dykkar dato: 16.08.2021
Dykkar ref.: 19/780 - 21/11363

Sakshandsamar:
Ole-Jakob Sande

NVE sin uttale til andre gongs høyring og offentlig ettersyn av detaljregulering for Brekkane i Hareid kommune

Vi viser til brev datert 16.08.2021. Saka gjeld andre gongs offentlig ettersyn av detaljregulering for Brekkane i Hareid kommune. Føremålet med planframlegget er å legge til rette for eit heilskapleg, sentrumsnært og attraktivt bustadfelt for frittliggande/konsentrerte småhus og einebustadar, samt etablere ny vegløyning og tilhøyrande infrastruktur.

NVE ga uttale til første gongs offentlig ettersyn av planframlegget i brev datert 11.05.2021. Vi hadde merknader til korleis omsyn til stabile grunnforhold og overvatn var løyst i planframlegget.

NVE sine merknader til revidert planframlegg

Naturfare

Grunnforhold

Det er gjort grunnundersøkingar i planområdet med funn av kvikkleire. ERA Geo AS har vurdert områdestabiliteten som tilfredsstillande, men rådd til vurderingar av lokal stabilitet ved prosjektering. I framlegg til føresegnar var det sett krav om at funna i rapporten skulle følgjast opp ved prosjektering.

I vår uttale til planframlegget rådde vi til at føresegnene vart revidert med krav om ansvarsrett for grunnforhold (RIG) for alle byggesaker i planområdet. I revidert planframlegg er føresegnene § 2.2 a) endra med krav om slik ansvarsrett dersom utbyggingsområde kjem i sone som er vist på figur 6 i ERA Geo AS sin rapport.

Figur 6 i ERA Geo AS sin rapport viser **mogleg** avgrensing av område med kvikkleire, jf. tekst til figuren. Slik NVE les rapporten kan det også vere utfordringar med lokal stabilitet i planområdet utover dette arealet. Vi stiller spørsmål ved om avgrensing av krav til ansvarsrett er fullt ut i samsvar med råda i rapporten. **NVE gjentek difor vårt råd om at det vert sett krav om ansvarsrett for grunnforhold**

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



(RIG) for alle byggesaker i planområdet, og ber kommunen om å endre føresegnene før slutthandsaming av planen.

Overvatn

NVE hadde råd om kartlegging av dreneringslinjer og fastsetjing av areal til framtidige flaumvegar i plankart og føresegner. Kommunen har valt å ikkje ta omsyn til råd om å avklare det i planfasen, og meiner det kan kome endringar i prosjektering av tiltaka som kan endre på situasjonen for handtering av overvatn.

Vi vil vise til vår merknad ved første gongs offentleg ettersyn, og oppmodar kommunen om å vurdere framtidig situasjon for overvasshandtering gitt dei store endringane som vil kome som følge av planlagt utbygging.

Med helsing

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

Møre og Romsdal fylkeskommune
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Fra: [REDACTED]
Sendt: 1. september 2021 11:53
Til: Postmottak Hareid
Emne: Detaljregulering for Brekkane. 20180002

Sendt fra min Galaxy

Hei! Har lest igjennom utsendte plan for nytt byggefelt på brekkane. Under VURDERING OG KONKLUSJONEN: Står det at i øvre del av Drammensvegen mot nobba blir det enveiskjøring. [REDACTED] bil med heis montert under bilen. Har prøvd ved flere anledninger å kjøre ned, men uten hell. Da heisen skrapes over fartsdumpene. For å reparere heisen må bilen til Tresfjord. Kommer ikke på tale. Informerer dermed at denne bilen kommer til å kjøre opp siste del av Drammensvegen å ned teigevegen.

Mvh [REDACTED]

Floria Aclan Løvfall
Grova 1
6060 HAREID

florialoevfall@hotmail.no

964979278
HAREID KOMMUNE
Rådhusplassen 5
6060 HAREID

Dato:20.8.2021

Tilbakemelding på 2. gongs høyring / Offentleg ettersyn - Detaljregulering for Brekkane

Hvis det er griet for kommune og andre folk jeg er ikke imot denne

Nansy Pilskog Haddal
Reiten 15
6060 HAREID

nansyph@gmail.com

964979278
HAREID KOMMUNE
Rådhusplassen 5
6060 HAREID

Dato:19.9.2021

Tilbakemelding på 2. gongs høyring / Offentleg ettersyn - Detaljregulering for Brekkane

Eiliv Tore Howlid og eg eig 41/884 og 41/4 som blir berørt av detaljreguleringa. Vi har innspel til grensene på plankartet. Slik dei er teikna inn no ligg grensa alt for tett på hus og opparbeida hage. Vi har gjort nokre enkle oppmålingar som ein peikepinn på kvar ny plangrense kan gå. Desse er lista opp under (sjå vedlegg for benemning på hus/garasje/leikestue). Elles vil vi gjerne invitere dokke hit, så kan vi sjå på nokre skikkelige oppmålingar saman.

Frå hus og sørover: 17 meter

Frå garasje og sørover: 24 meter

Frå leikehytte og sørover: 30 meter

Frå leikehytte og vestover: mellom 8.5 - 13.5 meter

Elles har vi blitt gjort oppmerksom på at eigedomen har køyrerett ned på hovudvegen. Vi har ikkje klart sjølve å finne noko på dette i grunnboka, så mogleg dette er noko som ikkje har blitt tinglyst i si tid. Det som i alle fall vil vere viktig for oss er å ha tilgang til dei delane av 41/4 som eventuelt ikkje blir solgt, men delt opp av den nye samlevegen som skal kome.

Med venleg helsing

Nansy og Eiliv

LIXWENYU

A hand-drawn map on a light blue background. The map features a grid of streets. On the left side, there are three vertical black bars. A yellow area is on the far left, and a pink area is between the yellow and the grid. The word 'LIXWENYU' is written in blue ink in the upper part of the grid. The word 'GOS'OSK' is written in blue ink in the middle part of the grid. The word 'HUS' is written in blue ink in the lower part of the grid. The grid lines are drawn in black ink.

GOS'OSK

HUS



Statens vegvesen

HAREID KOMMUNE
Rådhusplassen 5
6060 HAREID

Behandlende enhet:
Transport og samfunn

Saksbehandler/telefon:
Dröfn Helgadóttir / 71274186

Vår referanse:
21/60003-7

Deres referanse:

Vår dato:
29.09.2021

Uttale til 2. gangs høring og offentlig ettersyn av forslag til detaljregulering for Brekkane – Hareid kommune

Vi viser til 2. gangs høring datert 16.08.2021 med forslag til detaljregulering for Brekkane i Hareid kommune.

Våre merknader til 2. gangs høring

Vi kan ikke se at våre merknader ved 1. gangs høring, jf. vårt brev av 20.05.21, er vurdert/kommentert eller innarbeidet i planen. Dette mener vi er en alvorlig svakhet i planarbeidet. Vi kan ikke forstå annet enn at det må være intensjonen bak prosessreglene i plan- og bygningsloven at også merknader må behandles og innarbeides i planen så langt det lar seg gjøre. Om ikke merknadene imøtekommes må kommunens begrunnelse for hvorfor synliggjøres før planen kan vedtas. Dette er viktig for å sikre at planvedtaket fattes på et riktig og opplyst grunnlag.

Vi har stilt grunnleggende spørsmål angående trafikkavvikling, trafiksikkerhet og hvordan kommunen ser for seg en helhetlig utvikling av områdene rundt Holstadkrysset. Vi mener at dette er noe av premissene i saken og svært viktige forhold som må drøftes og synliggjøres i planbeskrivelsen og administrasjonens framlegg av saken til nærings- og miljøutvalget samt formannskapet.

Våre merknader står fortsatt ved lag og vi forlanger at disse blir drøftet og kommentert i plandokumentene før planforslaget legges frem for de politiske utvalgene for endelig godkjenning.

Beklageligvis har vi ikke presisert i vår tidligere uttale at Statens vegvesen fortsatt er skiltmyndighet for vikeplikt- og forkjørsskilt for alle veger. Det må søkes om endret skilting til oss, og søknaden må på høring til bl.a. politi og fylkeskommunen før den ev. kan godkjennes. Da planforslaget forutsetter endret kjøremønster med skilting av vikeplikt bl.a.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

kan ikke planen vedtas før det foreligger godkjent skiltplan. Om skiltplanen ikke kan godkjennes må planforslaget revideres med ev. andre avbøtende tiltak.

Konklusjon

Planforslaget forutsetter endret kjøremønster med skilting av vikeplikt bl.a., ny skiltplan må være godkjent før planen kan vedtas.

Vi kan ikke se at våre merknader ved 1. gangs høring er behandlet og disse står fortsatt ved lag. Vi mener at merknadene berører noen av premissene i saken og vi **forlanger** at de blir drøftet og kommentert i plandokumentene før planforslaget legges frem for de politiske utvalgene for endelig godkjenning.

Vi forventer også at innsigelser og merknader fra Møre og Romsdal fylkeskommune som gjelder samferdsel blir tilsvarende behandlet før endelig godkjenning.

Transportforvaltning midt

Med hilsen

Linda Heimen
seksjonssjef

Dröfn Helgadóttir

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE